

# AASENTUNET - HØGETUA - HOVDEVATNET

**Total lengde:** 2,7 km

**Vanskelegheitsgrad:** Lett

**Høgdemeter:** 116 moh

**Tid:** Om lag 1 time i roleg tempo



Dette er ein lett tur bak Aasentunet i Hovdebygda. Her finn du eit nettverk av stiar som til både rolege turar og treningsturar.

## Start

Mellom Ørsta og Volda på E39 tek du av til Aasentunet. Parker på parkeringsplassen ved Indrehovdevegen.

Ved Aasentunet. Stien startar ved eit stabbur ved utescena, sjå etter skilt til Høgetua. Gå opp bakken og til venstre når du kjem til stikrysset, følg denne stien til Høgetua. Frå Høgetua fyl du stien vidare til eit stikryss med mange skilt, følg skiltet til Hovdevatn. Når du kjem ned til vatnet kan du følgje vasskanten til du kjem til ein sti som går opp i skogen, her er skilt til Åsen/Indrehovdeåsen. Stien går oppover ein granskog. Etter kvart kjem du opp til ein grusveg som du følgjer om lag 200 meter til du kjem til ein ny sti. Følg skiltinga til Høgtua og etter kvart kjem du til skilta sti attende til Aasentunet.